

## Årsmelding for Radøy damekor

24.01.18

Årsmøte i 2017 vart halde i Manger kyrkje 09. februar kl. 19.30 14 medlemmer var til stades.

Dette året har Elin Irene Klausen vore leiar. Styret elles har vore sett saman av;

1. Berit Helen Kongestøl sekretær
2. Kristi Juvik Nybø, styremedlem
3. Geirunn Valdersnes, nestleiar
4. Karen Magrete Lervik, styremedlem,
5. Kristin Kleveland, styremedlem (VO)
6. Anne Karin Fjeld (1. Vara)
7. Ingrid Agnethe Sævdal (2.vara)
8. John William Kay (pianist,) og kasserer: Han har møterett, men ikkje stemmerett.
9. Jurate Norkuviene / Eirin Beate Åserud-Løvlid (dirigent) har møterett, men ikkje stemmerett.

Styret har hatt 6 møter dette året

### Aktivitet våren 2017

Koret har hatt 21 medlemmer.

### Nyttårskonsert 15.01.17

Me var på Nyttårskonsert i Knarvik kyrkje.

### Årsmøte i Norges korforbund Hordaland 19.03.17

Årsmøte i NKH vart gjennomført på Åsane folkehøgskule. Nora og Elin reiste,

### Sumarkonsert. 15.06.17 /

Koret gjorde ein flott siste konsert med Jurate før ho reiser tilbakt til Litauen for å finne ut kva som er heime best. Det var ... tilhøyrarar på konserten og me fekk inn 6412 kr som me gav til kyrkjemusikk i Radøy sokn.

### Velferdssenteret 17.06.17 / Avslutning på Solvang

Tradisjonen tru stiller me til stor glede på Velferdssenteret med sumarkonsert. Takk til Helen og Geirunn for inspirerende strandfest, og til Laila Frantzen for herleg mat.

### Forsongartenesta i kyrkja

Koret har stilt som forsongarar på 5 gudstenester i vår. Takk til dei som stilte.

### Aktivitet hausten 2017

Koret har hatt 19 aktive medlemmer.

Hautsemesteret starta opp med øving 18.08.17.

### Kyrkjebasar i Manger bedehus 01.09.17.

Sesongen starta også dette året med songoppdrag på kyrkjebasaren til Manger kyrkjeforeining. Medlemmene i koret bidrog med sal av årer. William leia det musikalske. Me song; Ved havet, Sometimes a prayer will do, Bridge over troubled water

### Nordhordlandsmusikken i Manger kyrkje 22.10.17.

Damekoret deltok på konsert i Manger kyrkje saman med Nordhordlandsmusikken. Dei song religiøse songer med stor innleving. William var musikals leiar

### **Deltaking på helgemessesundag 05.11.17**

Det har vorte ein fin tradisjon at koret tek del på gudstenesta helgemessesundag. Denne vart sers spesiell for oss då me minne Helen sin mann Kjell sin bortgang. William var musikalsk leiar då Eirin stod verfast på Røros

### **Øvingshelg 10-12 november på Hotell Alexandra i Loen**

Koret slo på stortromma og spanderte på seg øvingshelg på skikkeleg hotell. Det kosta, men det smaka godt med to julebord og symjing i basseng seint og tidleg. Koret var særse effektive på øvingane og me hadde ein intimkonsert for Helga Melheim som fylte åtti år.

### **Julekonsert i Sæbø 10.12.17**

Radøy damekor deltok på julekonsert i Sæbø kyrkje kl. 18.00 saman med Sæbø skulemusikk og Radøy Brass. Konserten er arrangert av Radøy musikkråd og soknerådet. William var musikalsk leiar. Me song A child is born, Somna i ro og Marias vagg song.

### **Song på Velferdssenteret /"Syng jula inn med damekoret" + gjester 16.12.17/ Juleavslutning med tapas.**

Denne gongen effektiviserte damekoret og gjorde tre oppdrag på ein kveld. Dette vart i hovudsak gjort for å komprimere tidsbruken til Eirin. Eirin var endeleg musikalsk leiar Bergen Domkirkes Jentekor. Anne-Karin hadde ord for kvelden. Dette vart godt mottatt av damene i koret.

### **Forsongartenesta i kyrkja denne hausten.**

Koret har stilt med forsongarar til fire gudstenester denne hausten. Takk til dei som stilte.

Leiar

Elin Irene Klausen